

Eigedomsskatt

Skattesetlar for eigedomsskatt vert utsendt i desse dagar. Eigedomsskattelite vert lagt ut til offentleg ettersyn på rådhuset 30. juni.

Eigedomsskatten vil i Skodje kommune verte fastsett på to ulike måtar:

1. Eigedomar med formuegrunnlag (bustadverdi) frå Skatteetaten. Desse eigedomane har Eigedomstype «Formuegrunnlag Bolig» på skattesetelen. I praksis vil dette vere dei fleste vanlege bustadhus.

For desse eigedomane er det den forventa marknadsverdien som Skatteetaten har fastsett, som vil verte nytta som grunnlag for utrekning av eigedomsskatt. Kommunen kan ikkje overprøve eller endre denne verdien. Det vert ikkje gjennomført taksering eller synfaring av desse eigedomane.

Dersom du meiner at bustadverdien er feil, må du vende deg til Skatteetaten. Sjå skatteetaten.no/bolig.

2. Eigedomar utan formuegrunnlag. Dette gjeld alle andre eigedomar, til dømes fritidseigedom, næringsseigedom og bustadhus på landbrukseigedom.

Desse eigedomane er synfarte av taksmann på vegne av kommunen, og har fått ein takst på grunnlag av det. Taksten byggjer på faktaopplysningar om areal, bygningstype etc. frå offentlege register, i tillegg til skjønsmessige vurderingar.

Dersom du meiner at denne taksten er feil, må du sende ein skriftleg, grunngjeven klage til Skodje kommune, Rådhuset, 6260 SKODJE, eller på e-post til postmottak@skodje.kommune.no. Hugså oppgi gards- og bruksnr.

For meir informasjon, sjå skodje.kommune.no/eigedomsskatt

Val 2015

I år skal det haldast kommunestyre- og fylkestingsval måndag 14. september.

Førehandsrøysting

Frå 10. august til 11. september skal det haldast førehandsrøysting ved rådhuset.

Opningstidene er:

Mån., tys., tor. og fre. kl. 09.00 – 14.00

Onsdag: kl. 10.00 – 14.00

Utvida opningstid:

Torsdag 3. september: kl. 09.00 – 19.00

Torsdag 10. september: kl. 09.00 – 19.00

Tidlegrøysting

Det vert frå 1. juli høve til å tidlegrøyste på rådhuset måndag, tysdag, torsdag og fredag kl. 09.00 – 14.00. Onsdag: kl. 10.00 – 14.00

Dette tilbodet gjeld t.d. fiskarar eller studentar som reiser utanriks, eller andre som ikkje har høve til å førehandsrøyste i den ordinære perioden for førehandsrøysting.

Innbyggjarar i Skodje får kjernejournal

15. august vil ca. 400 000 innbyggjarar i til saman 59 kommunar i Nord-Trøndelag og Møre og Romsdal få kjernejournal.

Kjernejournal er ei ny elektronisk teneste. Ho samlar helseopplysningar, noko som er spesielt viktig dersom du får behov for akutt hjelp og får behandling ein stad du ikkje har vore før. Mellom anna blir det samla opplysningar om bruk av legemiddel og tidlegare sjukehusbesøk.

«Bruk av kjernejournal gjer pasientane trygge på at dei viktigaste helseopplysningane om dei raskt kan vere tilgjengeleg for helsepersonell. Dette gjeld særleg i akutte situasjonar, der opplysningane kan bidra til å redde liv», seier kommuneoverlege Magnus Norstrand Lied.

Kven kan sjå kjernejournalen?

Berre autorisert helsepersonell kan slå opp i kjernejournal, og det skal berre skje når dei gir deg helsehjelp.

Du kan logge deg inn med elektronisk ID og sjå kjernejournalen din via helsenorge.no/kjernejournal.

Ambulerande røysting

Dersom du på grunn av sjukdom eller andre årsaker ikkje kan kome til røystelokalet, kan du søkje om å få førehandsrøyste der du bur (ambulerande røysting). Søknaden må vere valstyret i hende innan tysdag 8. september kl. 15.00.

Søknad skal sendast til: Valstyret i Skodje, rådhuset, 6260 Skodje, eller du kan ringe 70 24 40 00

Skodje omsorgssenter

Det vil også i år bli gjennomført førehandsrøysting ved Skodje omsorgssenter onsdag 9. september kl. 11.00 - 13.00.

Meir informasjon

Meir informasjon knytt til kommunestyrevalet 2015 er å finne på skodje.kommune.no.

Kva inneheld kjernejournal?

Opplysningar om fastlege, legemiddel, sjukehusbesøk og informasjon frå folkeregisteret blir samla inn automatisk.

Du kan sjølv registrere kontaktpersonar, sjukdomar og om du har utfordringar med syn, høyrsel eller språk.

Har du alvorlege allergiar, ei sjeldan lidning eller anna som det er viktig for helsepersonell å kjenne til, kan du be legen din om å registrere dette i kjernejournalen din.

Reservasjon

Ønsker du ikkje å ha ein kjernejournal, kan du når som helst reservere deg. Det gjer du ved å logge deg inn på helsenorge.no/kjernejournal og gå til innstillingane for kjernejournalen din.

Meir informasjon?

Sjå helsenorge.no/kjernejournal. Du kan òg ringje til brukarstøtte 800HELSE (800 43 573).

Litt av kvart

Biblioteket

Skodje bibliotek har sommarstengt i veke 27, 28, 29 og 30.

Siste opningsdag før ferien:
Fredag 26. juni.

Første opningsdag etter ferien:
Måndag 27. juli.

Nytt barnehageår

Nytt barnehageår startar 15. august. Alle barnehagane startar med planleggingsdag måndag 17. august.

Ekstra papp og papir

Private abonnentar kan levere ekstra papp og papir i driftsbygninga/fjøset ved Prestemarka Produkt, der kommunen har ei papirpresse ståande.

Levering på kvardagar mellom kl. 08.00 og kl. 16.00 (måndag – fredag).

Næringsverksemdar kan ikkje levere papp og papir her, då vi ikkje har kapasitet til det.

Neste Kommunenytt

Neste *Kommunenyt*t kjem ca. 11. september. Frist for innlevering til dette nummeret er 4. september.

Skodjehelsesenter.no

Elektronisk timebestilling og bestilling av reseptar

Skodje helsesenter har eiga heimeside med adresse skodjehelsesenter.no. Her kan du bestille time og reseptar. Du vil også kunne motta beskjedar og blodprøvesvar frå lege.

Det er òg mogleg å laste ned ein app til smart-telefon der ein kan nytte alle dei ovannemnde

tenestene. Tiltaket er sett i verk for å redusere telefonkø på legekontoret.

Dersom ein ønskjer time same dag, eller ved øyeblikkeleg hjelp, må ein framleis ta kontakt pr. telefon som tidlegare.



Dette skjer

SkodjeDagane 2015

Invitasjon til Skodjedagane 2015

Skodje skulekorps inviterer til salsmesse i Gomerhuset.

laurdag 19. og søndag 20. september.

Interesserte utstillarar kan ta kontakt med Olaf Thurley Skrøppa, tlf. 952 59 296

eller Anne Mette Mykland, tlf. 959 47 711 for informasjon og påmelding.

Vi vil legge til rette for ei spanande messehelg, med variert program og underhaldning for ein kvar smak.

Loppemarknad

19. og 20. september på Gomerhuset

Ope: 12:00-18:00 begge dagar

Skodje skulekorps treng lopper!

Loppemarknad er arenaen for gjenbruk – her kan du levere lopper eller finne nye skattar. Vi tek i mot det meste av ting og tang, så sant det er brukande og enkelt å handtere.

Lopper kan leverast på Gomerhuset, Skodje fredag 18. september frå kl. 18:00

Har du lopper, men treng hjelp til å frakte dei, kan du ringe vår kontaktperson Knut Perry Græsdal på mobiltelefon: 975 12 114

Arrangør: Skodje skulekorps

Reindalseter

Laurdag 27. juni opnar vertskapet på Reindalseter dørene på ny, og tek imot einkvar som ønskjer å ta turen innom.

Reindalseter byr på mange opplevingar: Her kan vener og familie gå turar, padle i kano og kajakk, prøve fiskelukka eller nyte god mat og drikke frå kjøkkenet.

Ålesund-Sunnmøre Turistforening ser fram til å starte sommaren i fjellet saman med deg!

Ålesund-Sunnmøre Turistforening



"Kommunenyt" vert utgjeve av Skodje kommune, og vert distribuert til: Alle husstandar, handlande og kontor i Skodje, kommunale avdelingar og Ålesundsregionens utviklingskontor.
Ansvarleg redaktør: rådmann Bente Glomset Vikhagen.



SKODJE KOMMUNE

6260 SKODJE | 70 24 40 00 | Beredskapstlf. teknisk: 99 29 66 35
postmottak@skodje.kommune.no | www.skodje.kommune.no